

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP fram forslag om tillegg til pkt 4.

I den samanheng finn fylkesutvalet det ikkje rett å avgrensa denne plikta til 6% av plassane slik det er gjort i §35.

Tom Skauge sette fram forslag om nytt pkt i innstillinga.

Fylkesutvalet ber om at det i endelig regelverk vert innarbeidd normer for å tilby parkering for sykklar og motorsykklar i byområde i P-anlegg for bil.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forsag til tillegg til pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, V).

Innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentleg og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorsgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.
4. Fylkesutvalet viser til målet i «Klimaplan for Hordaland» om at 40% av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el - og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy. I den samanheng finn fylkesutvalet det ikkje rett å avgrensa denne plikta til 6% av plassane slik det er gjort i §35
5. Fylkesutvalet ber om at det i endelig regelverk vert innarbeidd normer for å tilby parkering for sykklar og motorsykklar i byområde i P-anlegg for bil.